



Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Heinz Diehl | FE-144 | 19/328 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 081/19 | Formannskapet | PS | 03.09.2019 |
| 055/19 | Kommunestyret | PS | 24.09.2019 |

Kommunedelplan for helse og omsorg - planoppstart og forslag til planprogram

Vedlegg:
planprogram-hop

Saksutgreiing:

Bakgrunn

I Fedje kommune sin planstrategi 2017-2020, vedteken i desember 2016, er utarbeiding av ein overordna plan for helse og omsorg eit prioritert satsingsområde. Plan- og bygningslova har bestemmelser om at kommunen, som ledd i varsling om oppstart av planarbeid, må utarbeide eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet skal blant anna gjera reie for føremålet med planarbeidet, planprosessar, frister, deltakarane og moglegheit til medverknad. Det skal òg beskrivast kva for alternativar som vil verte vurdert, og behovet for utgreiingar. Dette vil blant anna kunne bidra til bedre politisk styring av planarbeidet og auka forutsigbarhet i planprosessen.

Vurdering

Føremålet med planarbeidet er å utarbeide ein heilskapleg kommunedelplan for helse og omsorg for perioden 2020-2025. Planen vil òg innehalda eit handlingsprogram med prioriterte tiltak i planperioden. Gjennom planarbeidet skal det avklarast korleis kommunen kan vidareutvikle helse og omsorgstenestene slik at Fedje kommune kan møte framtidige utfordringar, behov for nye og endra tenester, nye lovar og forskrifter og dessutan ny teknologi.

Samhandlingsreformen har ført til at kommunen må kunne handsame stadig fleire oppgåver og eit stadig større fagleg ansvar. Nye sentrale føringar har i kombinasjon med stramme økonomiske rammer ført til eit behov for ein overordna plan med nye strategiar, mål og tiltak for omstilling og endring. Planprogrammet som ligg ved gir ei skildring av desse elementa og skisserar samstundes ønska mål, resultat, bakgrunn, problemstillingar og dessutan organisering og roller.

Folkehelse

Helse og omsorgstenester er sentrale for helsa og velfere til befolkninga. Utarbeiding av ein overordna helse og omsorgsplan vil difor vera eit essensielt tiltak til å fremma god folkehelse.

Miljø

Økonomi

Konklusjon

I tråd med kommunal planstrategi 2017-2020 anbefaler rådmannen at kommunen sett i gang eit arbeid med ny kommunedelplan for helse og omsorg, med ei skildring av nye utfordringar, mål og tiltak. Planprogrammet vil, etter ein høyringsrunde på seks veker, verte lagt fram for kommunestyret



Fedje kommune

i ei eiga sak. Kommunestyret vil då ta stilling til innkomne merknader og fastset det endelege planprogrammet for kommunedelplan for helse og omsorg 2020-2025.

Forslag til vedtak:

Utkast til planprogram for kommunedelplan for helse og omsorg 2020-2025 leggjast ut på høyring i seks veker, samstundes med varsel om oppstart av planarbeidet. Høyringsfristen settes til 17. november 2019. Planprogrammet vil deretter verte lagt fram for kommunestyret, som tek stilling til innkomne merknader, og fastset det endelege planprogrammet som grunnlag for arbeidet med helse- og omsorgsplan.

Formannskapet - 081/19

F - behandling:

F - vedtak:

Utkast til planprogram for kommunedelplan for helse og omsorg 2020-2025 leggjast ut på høyring i seks veker, samstundes med varsel om oppstart av planarbeidet. Høyringsfristen settes til 17. november 2019. Planprogrammet vil deretter verte lagt fram for kommunestyret, som tek stilling til innkomne merknader, og fastset det endelege planprogrammet som grunnlag for arbeidet med helse- og omsorgsplan.

Samrøystes vedteke.

Kommunestyret - 055/19

K - behandling:

K - vedtak:

Utkast til planprogram for kommunedelplan for helse og omsorg 2020-2025 leggjast ut på høyring i seks veker, samstundes med varsel om oppstart av planarbeidet. Høyringsfristen settes til 17. november 2019. Planprogrammet vil deretter verte lagt fram for kommunestyret, som tek stilling til innkomne merknader, og fastset det endelege planprogrammet som grunnlag for arbeidet med helse- og omsorgsplan.

Samrøystes vedteke.